



Arkivsaknr: 2024/1931-1  
Sakshandsamar: Åse Elin Myking  
Avdeling: Digitalisering, innovasjon og samfunn

## SAKSFRAMLEGG

Forslag til forskrift om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg - til høyring

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Formannskapet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til forskrift om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg vert sendt på høyring.

### Saka gjeld

Høyring av lokal forskrift om gebyr for feiing og tilsyn i kommunen.

### Saksopplysning

Kommunedirektøren har utarbeida eit forslag til lokal forskrift om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg. Formålet med forskrifta er å sikra at kommunen får dekkja sine utgifter i samband med tilsyn og feiing av fyringsanlegg i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 28 andre ledd og forskrift for brannforebygging §17.

Kommunar bør innføre ei lokal gebyrforskrift og det er ynskjeleg å tydeleggjera at tilsyn og feiing vert utført etter ei behovsvurdering slik det framkjem av forskrift for brannforebygging.

Forskrifta viser til gebyrregulativet som vert vedtatt årleg av kommunestyret i samband med budsjett – og økonomiplan. Tilsyns- og feiegebyret skal fastsetjast ut frå sjølvkostprinsippet jf. kommunelova §15-1. Kommunens gebyr skal ikkje vera større enn kostnadene ved å yte tenesta, og utrekninga av samla sjølvkost skal dokumenterast, jf. «*forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer §§ 1 og 9*». Ved at gebyrforskrifta viser til gjeldande gebyrregulativ sikrar kommunen at nødvendig informasjon og dokumentasjon er oppdatert og tilgjengeleg for innbyggjarane.

Forskrift om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg er ei gebyrforskrift, og skal ikkje regulere sjølve gjennomføringa av tilsyn og feiing. Informasjon i forskrifta som gjeld anna enn sjølve gebyrordninga er tatt med for å gje innbyggjarane nok informasjon til å forstå tenesta gebyret gjeld.

Feiing og tilsyn vert utført av Bergen kommune sin brannførebyggande avdeling i samsvar med avtale om vertskommunesamarbeid.

**Vurdering**

Forslag til ny gebyrforskrift tydeleggjer at tilsyn og feiing vert gjennomført etter behov. Forskrifta vert sendt på høyring før den kjem til endeleg behandling i kommunestyret.

Kommunedirektøren tilrår at forslag til lokal forskrift om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg vert sendt på høyring.